

## Eit annleis vegprosjekt i sikte?

Til veke er det diktarvegkonferanse på Lofthus. Ein gyl-den høve til å snakke om vegen, seier Ullensvang-ordførar Solfrid Borge.

**METTE BLEKEN**  
mette@hardanger-folkeblad.no

– Både næringsliv og turisme er

avhengige av tilfredsstillande vegar i regionen. seier Borge som og strekar under at folk må på bana om ein skal få til noko.

Fjordvegen/diktarvegen går gjennom tre fylke frå Jæren, gjennom Ryfylke, Hardanger og Voss, til Sogn og Sunnfjord og slyngar seg i eit allsidig litterært og lyrisk landskap som kommu-

nane ynskjer å fokusera på. Kan hende vert Rv 13 ein norsk avleg-gjar av legendariske Route 66.

Landsforeningen for nynorsk-kommunar står bak prosjekt Diktarveg med mål å forbetra vegstandarden samstundes som ein vil synleggjera kulturarrange-ment og kulturrelatert verkeemd langs ruta som dei vil gje eige

identitet. Konferansen på Hotel Ullensvang vil både med faglege og kunstnarlege innspel – og med kulturkveld tysdag med utdrag frå Vestlandsrevyen II og konsert med Sigrild Moldestad syne det. Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa er mellom inn-leiarane.



### Skeie leiar Sparebankstiftinga

Styret i Sparebankstiftinga Hardanger har tilsett advokat Gunnar Skeie som dagleg leiar for stiftinga.

– Me er veldig glade for at Gunnar Skeie har takka ja til den nye stillinga i ein ny organisasjon. Skeie er ein god kandidat med svært god kjennskap til regionen, og med kunnskap om dei moglegheitene og utfordringar stiftinga står overfor, seier styreleiar Borghild Storaas Ones i Sparebankstiftinga Hardanger i ei pressemelding.

#### Fødd i Kvam

Gunnar Skeie (56) er fødd og oppvaksen i Steinsdalen i Kvam herad. Han er utdanna jurist frå Universitetet i Bergen, og har arbeidd som advokat i 28 år. Dei siste 24 åra har Skeie vore partner og advokat hjå Advokatane Kvåle og Skeie ANS i Norheimsund. Frå 1998 har han også hatt fleire styreverv og i perioden 2007-2011 sat han som medlem av Kvam heradstyre.

#### Fusjon

Sparebankstiftinga Hardanger vart etablert då Sparebanken Vest og Sparebanken Hardanger slo saman verksemdene sine. Totalkapitalen i selskapet er på ein halv milliard kroner og stiftinga er største eigar og forvaltar 30 prosent av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Vest. I tillegg til å forvalta eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Vest skal stiftinga ivareta banktradisjonar ved å bruka delar av overskotet til bidrag til allmennyttige føremål i distriktet til tidlegare Sparebanken Hardanger.

#### Tillit

– Skeie har ein god bakgrunn for å kunna ta del i utøvinga av eigarskapet i Sparebanken Vest, og i forvaltninga av den finansielle porteføljen i stiftinga. Gjennom arbeidslivet i Hardanger har han også etablert god kontakt med både kommunar og næringsliv i Hardanger, seier Ones. – Eg takkar for tilliten eg har fått ved å få jobben og eg gler meg til å ta fatt og til å byggja ein organisasjon som skal bli ein viktig aktør i samfunnsutviklinga i regionen og ein god, langsiktig eigar i Sparebanken Vest, seier Skeie.

Gunnar Skeie tiltrer stillinga frå årsskiftet.

# Fiske-professoren fekk målprisen

Årsmøtet i Odda Mållag gjekk søndag 11. mars 2012 samrøystes inn for å tildela målprisen til Reidar Borgstrøm. Prisen vil bli delt ut på ein kulturkveld i november.

**TRYGVE D. SYSE**  
trygve@hardanger-folkeblad.no

««Fiske – eit nødvendig gode», er ei flott spissformulering Borgstrøm har nytta i den offentlege debatten om dei store fiskeforvaltningssoppgåvene på ferskvassida i Odda og Ullensvang. Ikkje minst gjeld dette dei store områda i fjellet der ålmenta har tilgang til attraktive og verdfulle fiskeresursar – om dei vert forvalta rett», skriv juryen mellom anna i si grunningjeving for prisen.

#### Fødd i Odda

Borgstrøm vart fødd i Odda midtsommars i 1942, men har halde seg austafjells sidan 1961. Han er professor i fiskeøkologi og forvaltning ved Universitetet for Miljø- og Biovitenskap. Borgstrøm har over lang tid og gjennom omfattande studiar lagt ned stor og viktig innsats for å forbetra forvaltninga og hatt nært samarbeid med fjellstyra med grunnlag i utforming av forvaltningsplanar for fiske på Ullensvang (og Eidfjord) statsalmenning. Ullensvang statsalmenning ligg i Odda og Ullensvang og er ein almenning der folk frå begge kommunar har like rettar. I praksis tilgang til attraktivt fiske både med garn og stang – om vassdraga vert forvalta rett.

#### Fagrapporatar

Av Borgstrøm sine omfattande publikasjonar er det i fyrste rekke prosjekt- og fagrapporatar om fiskebestandar i høgfjellet, og då særleg på Vestvidda som er konsekvent skrivne på nynorsk. Det er etter kvart vorte mange slike rapportar.

Dei er skrivne medvite på nynorsk fordi det er viktig på best moglege måte å overføra denne kunnskapen om lokale tilhøve til dei som lokalt er interessert i fjellet og fiskeresursane der. Kandidaten har delteke aktivt og



**MÅLMANN:** Reidar Borgstrøm har vore med i styret i Ås mållag i dei seinare åra, dei to siste som skrivar og han reknar med attval på årsmøtet.

engasjert i debatten om forvaltning av fjell og friluftsiinteressene og har hatt mange innlegg ( på nynorsk i dei seinare åra) i t.d. Hardanger Folkeblad, og dessutan mange innlegg på nettforu-

met «Hardangerfolk».

Elles snakkar Reidar Borgstrøm uforskamma godt oddisk etter over 50 år i eksil på det sentrale Austlandet, og er ein flittig gjest på heimstaden.

**«Fiske – eit nødvendig gode»**

Reidar Borgstrøm